

Vedlegg 1

Innspel frå dei vidaregåande skulane



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Dale vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Gro Fivelsdal
E-post: Gro.Fivelsdal@sfj.no
Tlf.: 57 73 82 03

Vår ref.

Sak nr.: 19/776-10
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

11450/19

Dykkar ref.

Dato

DALE I SUNNFJORD, 08.03.2019

Frå: Gro Fivelsdal

Til: Susan Husabø, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA
Bekka Skaasheim, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA

Justering av opplæringstilbodet 2019-2020 - innspel frå Dale vgs

Helse- og oppvekstfag

Ber om at tal plassar for Vg1 HO vert justert, slik at det stemmer. Rett tal skal vere 15 i den eine gruppa og 12 i den andre (jamfør avtalen frå tidlegare), totalt 27 plassar.

Primærskjartalet til HO går ned i år, men ut i frå første prøveinntak står det igjen 3 ledige plassar når plasstalet er justert riktig. Det betyr at det kan vere grunnlag for å oppretthalde to grupper på Vg1 HO. Dette er ønskeleg særleg fordi det i neste omgang sikrar stabilitet og kontinuitet for Vg2 helsearbeidarfag, og fordi det er stor etterspurnad etter helsefagarbeidarar i regionen vår.

Teknikk og industriell produksjon

Vi har eit primærskjartal på Vg1 TIP på 24, noko som tilseier at det er grunnlag for to grupper her. Viser også her til fordelene med å sikre kontinuitet og samanheng mellom Vg1 Teknikk og industriell produksjon og Vg2-løpet Industriteknologi. Dale vgs samarbeider tett med næringslivet, og bedriftene er lett tilgjengelege for utplassering i YFF-faget, både på Vg1 og Vg2. Dette kan vere ei utfordring andre stader, men har ikkje vore eit problem her i regionen. Vg2-elevane våre frå TIP har heller ikkje vanskar med å finne seg lærebedrift og dei representerer etterspurt arbeidskraft for lokale bedrifter.

Studiespesialisering

Det er uvanleg mange søkjarar til Vg1 studiespesialisering i år. Søkjartala viser at det kan vere rom for to parallellar, då det er 17 oversøkjarar (16 av desse med ungdomsrett) som har dette som førsteval. Det vil vere svært viktig for desse ungdomane å få lov å gå på den nærmaste skulen, og for regionen vil det vere uheldig om desse må reise vekk. Foreldre og 10. klassingar har allereie begynt å bekymre seg for dette. Med to klassar på Vg1 studiespesialisering vil vi få to parallellar gjennom tre år, noko som styrker skulen vesentleg og utvider programfagtilbodet.

Besøksadresse:

Postadresse:

Jarstadvegen 28
6963 DALE I SUNNFJORD

E-post:
postmottak.dalevgs@sfj.no
Heimeside:
www.dale.vgs.no

Telefon:
57637000

Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA

Det er viktig for skulen å få tilført grupper dei åra det er søkjarar for det. Eg håper vi kan få behalde elevar i distriktet vårt ved at det blir gjort ei utviding når det er grunnlag for det.

Kommentar til dei andre tilboda våre

Her reknar vi med at alt blir ståande som utlyst. Prøveinntaket viser også at påbyggingsklassen er oppfylt.

Med helsing

Gro Fivelsdal
Rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Eid vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Ove Bjørlo
E-post: ove.bjorlo@sfj.no
Tlf.: 57638302

Vår ref.

Sak nr.: 19/776-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

11078/19

Dykkar ref.

Dato

NORDFJORDEID, 07.03.2019

Ikkje offentleg

Ofi § 14, interne dokument

Susan Husabø, OA

Innspel til justeringar av utlyst tilbod for Eid vidaregåande skule

Viser til oppmoding i dok. 10309/19, om å kome med innspel til justering, og innspelet frå skulen om opplæringsstilbodet for skuleåret 19/20, i dokument 42153/18.

Ut frå søkjartala, fyrste prøveinntak og behovet for lærlingar i regionen, legg vi til grunn at det utlyste tilbodet ved Eid vgs vert starta opp frå hausten 2019.

Til alle dei utlyste Vg1 tilboda ved skulen er det generelt god søking. Det er særst viktig for skulen at der er søking til parallelar på Vg1 studiespes.

Som det går fram av søkjartala og fyrste prøveinntak er det stor oversøking til Vg1 Elektrofag og til Vg1 Teknikk og industriell produksjon (Tip). På fylkesoversikta for begge desse tilboda er det mange elevar utan tilbod, og størst antal utan tilbod ved Eid vgs. Det er no god læreplassstilgang i næringslivet i regionen for elevar frå Vg2/Vg3 tilboda ved Eid vgs, på Elektro og ikkje minst frå Vg2 tilboda på Tip. Næringslivet i regionen signaliserer at det vil vere behov for ca 30 lærlingar kvart år framover med utgangspunkt i Tip. (Industriteknologi og Ind. møbelprod.) Det er ut frå dei signala bekymringsfullt at det er så låg søking til Vg2 Data og elektronikk, og Vg2 Industriteknologi. Om det er ønskeleg kan Eid vgs. legge til rette for og ta inn ei ekstra Vg1 klasse på eit eller begge dei nemnde utdanningsprogramma, som utan tvil ville sikre rekruttering til Vg2 og sikre elevar til det aukande behovet som næringslivet har til ledige læreplassar.

Til Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse er det som vanleg stor oversøking. Sjølv om det ofte minkar når det nærmar seg skulestart, vil truleg ein del stå utan tilbod til hausten. Litt av årsaka til det er det nye tilbodet, med at fem av plassane er reservert til dei som ønsker påbygg etter yrkeskompetanse. Slik det går fram av prøveinntaket er der 13 søkarar, men dei har ikkje ungdomsrett og dei som ikkje kjem inn, kjem ikkje på lista over dei utan tilbod. Det hadde vore spennande å prøve ut eit tilbod som vi skisserte i innspelet til tilbodsaka (42153/18), med eit Vg4 tilbod med kombinasjon av nettbasert opplæring med samlingar, der «elevane» kunne kombinere det med jobb. Det hadde letta overtalssituasjonen vår for særleg realistane, i og med at vi får berre ei klasse på Vg3 studiespes. komande skuleår. Innspelet er drøfta i drøftingsmøte i dag, og tillitsvalde sluttar seg til at det vert teke inn to ekstra elevar på Vg3 Studiespes., slik vi er oppmoda om.

Ta kontakt om det er aktuelt å diskutere detaljar kring innspela før justeringssaka vert ferdigstilt og offentleg.

Besøksadresse:

Sophus Lie-vegen 3

Postadresse:

Pb. 174
6771 NORDFJORDEID

E-post:

postmottak.eidvgs@sfj.no
Heimeside:
www.eid.vgs.no

Telefon:

57638300

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :


NO 941 388 841 MVA

Med helsing

Ove Bjørlo
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Susan Husabø, OA



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Firda vidaregåande skule

Sakshandsamar:

Hallgeir Hansen
E-post: Hallgeir.Hansen@sfj.no
Tlf.:

Vår ref.

Sak nr.: 19/776-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

11371/19

Dykkar ref.

Dato

SANDANE, 08.03.2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Opplæringsavdelinga v/Susan Husabø
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Justering av opplæringstilbodet 2019 - 2020 - innspel frå Firda vidaregåande skule

Det har i fleire år vore svært stor søknad til idrett og studiespesialiserande ved Firda vgs. Når elevtal ved Gloppen ungdomsskule og er på veg opp, førte det til at ein i tilbodssaka for skuleåret 19-20 har lagt to grupper studiespesialiserande til Firda vgs.

No viser søkjartala at det er mange søkjarar til vg1 idrett, men noko færre til vg1 studiespesialiserande. Vårt innspel her går på å ha to grupper vg1 idrett komande skuleår i staden for to grupper på studiespesialiserande. Det vil føre til at fleire elevar får sitt fyrste val.

Når det gjeld tilbodet elles reknar vi med at gruppene vert vidareført slik det er lagt opp til i tilbodssaka.

Med helsing

Hallgeir Hansen
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Bekka Skaasheim, OA
Ingeborg Lie Fredheim, OA



Sakshandsamar:
Knut Chr. Clausen
E-post: Knut.Christian.Clausen@sfj.no
Tlf.: 57757902

Vår ref.
Sak nr.: 19/776-12
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
11501/19

Dykkar ref.

Dato
FLORØ, 08.03.2019

Notat

Frå: Knut Chr. Clausen

Til: Susan Husabø, OA

Til:

Kopi til:

Justering av opplæringstilbodet 2019 - 2020 - innspel frå FLORA VGS

Skulen syner til tilsendt primærskjertal, samt 1. prøveinntak.

Flora vgs er svært godt nøgde med at ein held god breidde i tilbodet, tilpassa elevane og næringslivet sin trong.

Skulen har vurdert korleis ein kan auke plasstalet på VG1 Elektro opp mot 15 elevar i kvar gruppe, men ein ser at dette ikkje er praktisk mogleg.

Høyanger vidaregåande skule

Beklager, dato har gått meg forbi. Vi reagerer på talet 32 elevplassar på VG 1 stud spes, der er ein elev med eige opplegg som er tatt inn der. Ellers ønskjer vi å ha 28 plassar som standard på stud spes, vi har ikkje klasserom som tilfredsstillar kravet til 30. Har og med oppfyllingsgrad. Håper det blir retta opp, er og spilt inn tidlegare. Ellers har vi ikkje innspel til opplæringstilbodet.

Mvh
Torill Thorbjørnsen
Rektor
Høyanger vgs

Sakshandsamar:

Liv Horvei

E-post: Liv.Horvei@sfj.no

Tlf.: 57637301

Vår ref.

Sak nr.: 19/776-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

11218/19

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 07.03.2019

Susan Husabø, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

Justering av opplæringstilbodet 2019 - 2020 - fråsegn frå Mo og Øyrane vgs.

Innleiing

Det er stabilt høge søkjartal til Mo og Øyrane vgs. Oversøkinga i år er på 54 elevar (primærsekkjarar med ungdomsrett utan tilbod), noko som tilsvarear om lag 4 grupper.

Kommentar til utvalde programområde

Restaurant og matfag (RM)

Behovet for fagarbeidarar er stort innan RM, og skulen har jobba på mange arenaer for å auke søkjartalet til dette programområdet. Her har samarbeidet med grunnskulane om faget arbeidslivsfag vore særskilt viktig. Men det er også verdt å nemne vitjing til grunnskulane i samband med karriererettleiing, tilskipping av skulekonkurranse for 9- klassane og marknadsføring gjennom deltaking i Reodorklubben. Me ser no resultatet av denne satsinga og det er difor gledeleg at søkjartala til programområdet no viser ein klar oppgang. Dette gjev grunnlag for å setje i gang 2 grupper på vg1 RM. Å auke tal grupper til 2 er eit viktig signal til framtidige søkjarar til dette programområdet ved skulen. Dette for å kunne dekke næringslivet sitt behov for fagarbeidarar.

Teknikk og industriell produksjon

Vg2 Bilskade, lakk og karosseri – Det fylkesdekkande tilbodet på 0,5 klasse syner i år eit redusert primærsekkjartal. Behovet for rekruttering til næringslivet tilseier iverksetjing av gruppa.

Naturbruk og YSK Service om samferdsle

Naturbruk har dei siste åra opplevd auke i søkjartal. Dette har resultert i auka gruppetal på vg1 naturbruk og gjev auka gruppetal på vg2 landbruk og gartnarnæring. Fram til no har det latt seg gjere å kombinere vg3 naturbruk med YSK-tilbodet på vg3 og vg4 nivå innan service og samferdsle. Med auka søkjartal til vg3 naturbruk ser me at denne gruppa for komande skuleår blir for stor. Det utløyser behov for tilsaman 15 delingstimar for å kunne tilby eit forsvarleg undervisningstilbod til desse gruppene.

Det er fleire av elevane som ynskjer omval etter gjennomført vg3 landbruk til vg3 studieførebuande naturbruk slik at dei kan kvalifisere seg til vidare studiar på t.d. Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. Det vil vere behov for å auke elevtalet til 28 plassar for å imøtekomme ynskje til elevane om å fullføre fagkombinasjonen på naturbruk studieførebuande.

Helse og oppvekstfag

Søkjartala til vg1HO syner at det er 67 elevar med ungdomsrett som søker på 45 plassar. Det gjev grunnlag for å vidareføre gruppetalet for skuleåret 2018-2019, som er fire grupper. Det vil sei ei justering på tal grupper frå 3 til 4 jf. vedtak om gruppetal i Hovudutvalet i november 2018.

Innspel frå skulen vart drøfta i møte med arbeidsplassstillitsvalde frå Utdanningsforbundet frå Øyrane og Mo, Norsk lektorlag, Naturvitarane og Fagforbundet den 06. mars 2019.

Med helsing

Liv Horvei
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Uttale frå faglærarar ved NA

Mottakarar
Susan Husabø, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

UTTALE VEDR. INNTAK PÅ VG 3 NATURBRUK STUDIEFØREBUANDE

Naturbruk har dei siste åra opplevd god auke i søkjartal. Dette har resultert i auka klassetal på VG1 naturbruk og gjev auka klassetal på vg2 landbruk og gartnarnæring.

Søkjartala til YSK har og auka. Dette betyr stor auke i elevtal som utgjer søkarmassen til VG3. På VG3 er kapasiteten uendra. Denne utfordringa vil vere der i åra framover med mindre ein aukar kapasiteten på VG3. Endringa kan like godt gjerast no som neste år.

Dei som tapar mest på dette er elevar som har fullført VG3 landbruk, og som ynskjer fagkombinasjonen på naturbruk studieførebuande for vidare studiar på t.d. NMBU. VG3 naturbruk studieførebuande inneheld både naturforvaltning og eitt realfag som begge gjev ekstra poeng og ein påbyrja spesiell studiekompetanse.

Slik ser søkartala ut for skuleåret 19/20, pr. 6/3-19:

VG3 naturbruk studieførebuande: 20 elevar

YSK 3.år: 14 elevar

YSK 4.år: 8 elevar

Med dagens timefordeling mellom YSK og naturbruk og inntak av alle 20 på VG3 naturbruk studieførebuande vil elevtalet sjå slik ut:

34 elevar i klassen i 15 t. (norsk, historie, naturfag, matematikk) → Blir for mange elevar.

28 elevar i 5 t. norsk

20 elevar i valfritt programfag og naturforvaltning.

Forslag til løysing:

YSK 3 på (14 elevar, behov for 15 timar ekstra ressurs) og YSK 4 på Mo saman med naturbruk studieførebuande (8 + 20 elevar).



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Måløy vidaregåande skule

Sakshandsamar:
Åsta Navelsaker Røed
E-post: Asta.Navelsaker.Roed@sfj.no
Tlf.: 57638303

Vår ref.
Sak nr.: 19/776-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
11359/19

Dykkar ref.

Dato
DEKNEPOLLEN, 07.03.2019

Susan Husabø, OA

Justering av opplæringstilbudet 2019 - 2020

Viser til søkjartala for skuleåret 2019/2020 og første prøveinntak. Det er god søking til dei utlyste tilboda ved skulen, med unntak av Vg2 plast og kompositt.

Teknikk og industriell produksjon

Søkjartala viser at svært mange elevar ynskjer ei fagutdanning innan dette området. Skulen har god søknad til Vg1 Teknikk og industriell produksjon, Vg2 Maritime fag og Vg2Køyretøy, samt YSK-Industrieteknologi.

For Vg2 Plast og kompositt ser vi at mange elevar har dette utdanningstilbudet som andreval. Næringslivet har eit stort behov for elevar med denne fagutdanninga og ynskjer å samarbeide med skulen om den praktiske opplæringa, etter same modell som YSK-opplæringa. Skulen vil dette skuleåret kunne organisere utdanningstilbudet saman med YSK-Vg2 Industrieteknologi utan ekstra kostnader. Skulen ber difor om at elevar med Vg2 Plast og kompositt som andreval ikkje vert tatt inn på eit lågare ønskje, men at skulen får høve til å tilby elevane dette opplæringstilbudet.

Helse og oppvekstfag

Søkjartala til Vg1 Helse og oppvekstfag har dei siste åra vert svært høge, skulen har søkjartal som gjev grunnlag for to klasser.

Det vil i framtida bli stort behov for rekruttering av arbeidskraft til helsevesenet, elevar med utdanning innanfor fagfeltet vil vere sikra arbeid etter fullført utdanning og læretid. Skulen har nært samarbeid med praksisfeltet i regionen og har gode erfaringar med veksling mellom opplæring i skule og i bedrift. To klasser på Vg1 helse og oppvekstfag vil gje skulen moglegheit for å prøve ut ulike modellar i høve til opplæringa.

Ut i frå årets søkjartala ynskjer skulen at det vert oppretta to klasser ved Vg1 Helse- og oppvekstfag.

Naturbruk

Søkjartala til Vg1 Naturbruk er svært høge, skulen har 29 søkarar til 18 elevplassar. Ved Vg2 Akvakultur og Fiske og fangst er det også eit høgare søkjartal, enn tal elevplassar ved skulen. Ut i frå søkjartala og vekst i næringane, er det ynskjeleg at skulen får høve til starte opp to klasser på Vg1 Naturbruk.

Skulen ynskjer at dei andre utdanningstilboda vert vidareført i tråd med dimensjoneringa i utlysinga for skuleåret 2019/2020.

Med helsing

Åsta Navelsaker Røed
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Besøksadresse:

Postadresse:

Nordfjordvegen 9109
6718 DEKNEPOLLEN

E-post:

postmottak.maloyvgs@sfj.no
Heimeside:
www.maloy.vgs.no

Telefon:

57637900

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

Fra: Ole Jørgen Øygarden
Sendt: 8. mars 2019 06:36
Til: Susan Kathinka Halvorsen Husabø
Kopi: Sogndal vgs. leiargruppa
Emne: Innspel frå Sogndal vgs til fyrste prøveinntak

Hei Susan.

Me har følgjande kommentarar til fyrste prøveinntak :

- Flott at det kan ordna seg med ei gruppe på vg1 RM. Me vurderer det som OK med tre primærskolar og seks som har det som andreval.
- Me registrerer at det er stor oversøknad på HO. Me kunne tenkt oss OA hadde eit prøveinntak med tre klassar på vg1 HO hjå oss. Det hadde vore interessant å sjå korleis det ville slå ut, og om RM ville gå på bekostning av det.

mvh

Ole Jørgen Øygarden
Rektor
Sogndal vidaregåande skule
Lunnamyri 2
6856 Sogndal
Mobil : 911 70 530
e-post: ole.jorgen.oygarden@sfi.no



Sakshandsamar:
Anders Magne Bruvoll
E-post: Anders.Magne.Bruvoll@sfj.no
Tlf.: 99524511

Vår ref.
Sak nr.: 19/776-13
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
11651/19

Dykkar ref.

Dato
STRYN, 08.03.2019

Susan Husabø, OA

Justering av opplæringstilbodet 2019 - 2020 - Innspel frå Stryn vgs

Stryn vgs har følgjande innspel til 1. prøveinntak:

- **Studiespesialisering**
Vg3: Vi er bedt om å ta inn 2 ekstra elevar som står utan plass (e-post frå Susan Husabø 06.03). Dette skal vi få til dersom det blir aktuelt.
Vg2: Vi ser at prøveinntaket på vg2 viser 40 elevar med ungdomsrett, pluss 3 utan rett i Sogn og Fjordane. I tillegg har vi landslinja der søkarar utanfor Sogn og Fjordane ikkje vil syne på prøveinntaket (jf samtale med Svein Jarle Svedal). Det ser også ut til at nokre elevar som går på vg2 no, vil måtte gå opp igjen vg2 grunna stryk eller manglande vurdering i fleire fag. Det reelle talet på vg2-elevar er derfor nærare 50.
- **Søkjartal på Vg2 Byggeteknikk syner 18 søkjarar.**
Blant dei 18 søkjarane er det opptil 6 elevar som vil vere vekslingslevar i 1+3-modell, eller veksling i 2+2-modell. Dette er elevar som er i gang med å skrive lærekontrakt med lokale bedrifter innan Bygg- og anleggsfaga. For elevane er det viktig at skulen får 18 elevplassar med ekstra ressurs til fellesfaga på Vg2 Byggeteknikk, slik at dei får fullført den oppstarta opplæringa si fram til fagbrev. Stryn vgs, opplæringskontor og lærebedrifter er partar i eit forpliktande samarbeid om denne opplæringa, som eit resultat av avtalar knytt til UDIR-prosjektet.
- **Søkjartal på vg2 Helse syner 22 søkjarar.**
Over halvparten av desse har til dels store tilretteleggingsbehov, og bør få fullføre opplæringsløpet utan å skifte skule. Dersom det blir aktuelt, har skulen plass til to klassar.
- **Vg2 Transport**
Prøveinntaket syner 15 elevar, men som vi har spelt inn tidlegare, er plasstalet 12. Dette grunna HMS-krav i opplæringa.

Med helsing

Anders Bruvoll
rektor

Organisering av Vg1 Teknisk og Industriell produksjon (TIP) ved Stryn vidaregåande skule for skuleåret 2019-20

Undervisninga blir etter planen slik gjennom skuleveka:

- 2 dagar med fellesting på skulen
- 2 dagar med programfag vekselvis på skulen og i nærliggande relevante bedrifter
- 1 dag med opplæring på Eid vgs

Opplæringslokala til Vg1 TIP vert innreia i fløy 4 med tilhøyrande basisrom.

Lokala vil bli utstyrt med verktøy, maskiner og utstyr til grunnleggande opplæring. Dette vil i vesentleg grad bli finansiert av næringslivet i Stryn. Bedriftene i Stryn har også forpliktet seg til å tilby elevane praksisplassar under opplæringa i skule og seinare læreplassar.

Programfaga og yrkesfagleg fordjuping (YFF)

Programfaga er lagt over 2 dagar, YFF og restdel av programfag over ein dag.

Programfaga er tenkt organisert på følgjande måte:

- **Grunnleggande opplæring i teori og praksis**
Opplæringa vil vekselvis bli lagt til Stryn vidaregåande skule og nærliggande relevante opplæringsbedrifter.
Modulopplæring, djupnelæring og mengdetrening vert lagt til Eid vidaregåande skule (snitt på årsbasis – ein dag per veke).
 - **YFF**
Fram til haustferien vert fokus sett på følgjande:
 - Innføring i kva Vg2 program har vi i Nordfjord og Sogn og Fjordane
 - Hospitering på Eid og Måløy vidaregåande skule
 - Informasjon om og innføring i Vg2 program i regionen
 - Besøk frå Opplæringskontora
 - Vi inviterer relevante opplæringsbedrifter i regionen på besøkMål: Hospiteringsplassar og praksisplassar til elevane
 - Skrive samarbeidsavtaler med ulike bedrifter
- Etter haustferien
- Utpøving av ønska lærefag
 - Djupnelæring i bedrift

Forslag til årshjul fram til veke 14 (ca. 1.mai)

Veke	Programfag Produksjon Tekniske tenester Dokumentasjon og kvalitet	Relevante bedrifter	Eid vidaregåande skule 1 dag per veke gjennom skuleåret	Yrkesfagleg fordjuping (YFF)
	Stryn vidaregåande skule			
34	Innføring i programfaga			Innføring i YFF
35	HMS opplæring	Bedriftsbesøk	Besøk til Eid vgs	Kva Vg2 program har vi i Nordfjord og Sogn og Fjordane?
36	HMS opplæring	Bedriftsbesøk	HMS opplæring praksis	Hospitering på Eid og Måløy vidaregåande skule
37	Grunnleggande opplæring i programfaga i teori og praksis på skulen	Bedriftsbesøk	Modulopplæring og mengdetrening i: <ul style="list-style-type: none"> • Ulike grunnleggande verktøy • Arbeidsmetodar • Måleinstrumenter • Maskiner 	Informasjon om og innføring i Vg2 program i regionen
38		<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av ulike verktøy og utstyr • Maskiner 		
39	<ul style="list-style-type: none"> • Måleinstrumenter 	Arbeidspraksis i bedrift		Vi inviterer relevante opplæringsbedrifter i regionen på besøk Mål: Hospiteringsplassar og praksisplassar til elevane Skrive samarbeidsavtaler
40	<ul style="list-style-type: none"> • Grunnleggande arbeidsmetode i faga 			
41	Haustferie			
42	Programfagveke	Arbeid med tverrfagleg oppgåve i teori og praksis Førebu hospiteringsveke		

Veke	Programfag	Relevante bedrifter	Eid vidaregåande skule 1 dag per veke gjennom skuleåret	Yrkefagleg fordjuping (VFF)
	Produksjon Tekniske tenester Dokumentasjon og kvalitet			
	Stryn vidaregåande skule			
44	Grunnoppfølringi teori og praksis; Planlegging, produksjon og kvalitetssikring av ei arbeidsoppgåve	Veksling mellom opplæring i skule og bedrift	Modulopplæring Grunnleggande opplæring i bruk av CNC-maskinering	Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
45	Arbeid med maskiner, materialar og produksjonsutstyr		Planlegging, produksjon og kvalitetssikring	Arbeidskrav 1: Praksisrapport
46			Mengdetrening CNC	Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
47				Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
48	Programfagveke Arbeid med tverrfagleg oppgåve i teori og praksis			
49	Arbeidspraksis			
50	Praktisk/ teoretisk prøve i programfaga			Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
51	Tentamen fellestoff			
52	Juleferie			
1	Grunnoppfølringi teori og praksis;	Veksling mellom opplæring i skule og bedrift	Modulopplæring og mengdetrening i; Opplæring med fokus på sveising	
2	metodar og teknikkar for måling, regulering, montering, demontering og vedlikehald av maskiner og utstyr.			Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
3				Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
4 og 5	Arbeidspraksis			
6 og 7	Teikningar, skjema, prosedyrar, standardarar og digitale verktøy som grunnlag for produksjon og tekniske tenester.	Veksling mellom opplæring i skule og bedrift	Modulopplæring og mengdetrening i; Teikningar, skjema, prosedyrar, standardarar og digitale verktøy som grunnlag for produksjon og tekniske tenester.	Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
				Arbeidskrav 2: Praksisrapport

Veke	Programfag Produksjon Tekniske tenester Dokumentasjon og kvalitet	Relevante bedrifter	Eid vidaregåande skule 1 dag per veke gjennom skuleåret	Yrkesfagleg fordjuping (YFF)
8	Stryn vidaregåande skule Vinterferie			
9	Gjennomføring, forståing og dokumentasjon av ulike oppdrag.	Veksling mellom opplæring i skule og bedrift	Modulopplæring: Fokus på dokumentasjon	Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
10	Programfagveke Arbeid med tverrfagleg oppgåve i teori og praksis			Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
11	Påskeferie			
12	Kvalitetssikre planlegge, utføre og vurdere dokumentasjon av arbeidsoppgåver.	Veksling mellom opplæring i skule og bedrift	Modulopplæring: Kvalitetssystem, registrering og avviksrapportering	Djupnelæring i ønska lærefag i bedrift
13				Arbeidskrav 3:
14	Kvalitetssystem, registrering og avviksrapportering			Praksisrapport – Individuelle valg

Stryn 6. mars 2019

Anders Bruvoll



Notat

Frå: Geir Kjetil Øvstetun

Susan Husabø, OA

Til:

Kopi til:

Justering av opplæringstilbodet 2019 - 2020

e-sak sak nr. 19/776

Tilbakemelding primærsknad 1.prøveinntak Årdal vidaregåande skule skuleåret 2019/20

Viser til brev av 25.02.2019

Eg kommenterer berre dei områda der eg tykkjer det er naudsynt med kommentarar

1. Vg1 elektro

Når prøveinntaket er køyrt reknar eg med at denne gruppa vil vere bortimot full. Klassen legg og grunnlaget for søknaden til Vg2-vg3 automasjon dei på følgande åra og dette er kompetanse som er etterspurt både lokalt, regionalt og nasjonalt. Difor er det viktig at gruppa kjem i gang.

2. Vg1 service og samferdsle

Tal primærskjalar med U-rett er lågt, men eg ser på prøveinntaket at dei kan bli 8 stk i klassen, pluss eventuelle vaksenopplæringslevar.

Årdal vgs har gjennom lang tid jobba mykje med entreprenørskap, særleg da innan Service og samferdsle. Dette viser seg både i regionale og nasjonale konkurransar

Vi har god tilgang på læreplassar innan salsfaget og kontor og adm.faget.

3. Vg2 kjemiprosess og vg2 industriteknologi.

Søknaden til vg2 kjemiprosess er sær god. Fylkeslinja er og viktig for rekruttering til lokalt og regionalt næringsliv, særleg innan prosessindustrien. Talet læreplassar er høgt og vil halde seg høgt dei komande åra grunna behov for prosessoperatørar. Viser til Hydro og Equinor sine utspel i seinare tid.

Eg veit at av dei 6 primærskjarane med u-rett, som ikkje kom inn på vg2 kjemiprosess, er det fleire som har vg2 industriteknologi som 2.val. Dette viser også 1.prøveinntak. Det same inntaket viser også at ein ikkje vil ha problem med å fylle opp Vg2 industriteknologi. Ein ser også at fleire av lærlingane som har gått vg2 industriteknologi, vert lærlingar i produksjonsteknikkfaget. Dette er eit fag i vekst. Viser til Hydro, Norsun og Lerum i vår region.

Eg ser at eit opplæringskontor, ønskjer å etablere eit vg2 kjemiprosesstilbod også i Sunnfjord. Dette er eg usamd i. Etter eit år der ein ikkje fekk i gong vg2 kjemiprosess, tykkjer eg det er uforsvarleg å opprette 2 tilbod det påfølgjande året. Søknaden over tid viser også at det ikkje er behov for 2 slike tilbod i fylket. Minner også om kjemiprosesstilbodet ved Knarvik vgs, Laksevåg vgs og Odda vgs, sidan vi snart skal inn i Vestland fylkeskommune.

I tillegg vil innhaldet på Vg2 kjemiprosess endre seg, som følgje av ny yrkesfagstruktur.

4. Vg3 påbygg til generell studiekompetanse og Vg4 påbygg etter yrkeskompetanse

Prøveinntaket viset at klassen vert full.

Eg vil likevel påpeike at vedtaket om å opne for 5 plassar til Vg4-elevar, på dei skulane som har Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse, er uheldig for Vg4-tilbodet ved Årdal vgs.

Til slutt:

Rektor ved Årdal vgs og rektor ved Sogndal vgs er opptekne av det samla utdanningstilbodet i vår region. Vi ynskjer difor Restaurant og matfag ved Sogndal vgs. Vi ynskjer eit breiast mogleg vg1-tilbod i vår region, så må me heller spesialisere oss på vg2-tilbod i framtida.